



Kyrkjerådet

Forsand 29.04.2015  
Vår sakshandsamar: Siv Fossan  
Vår ref.: 15/00004-002  
Arkivkode: 01

## **Høyringsssvar frå Forsand sokneråd**

Forsand sokneråd hadde møte tysdag 28. april 2015 der ein gjorde vedtak om høyringsuttale til «veivalg for fremtidig kirkeordning»

Av 7 medlemmar var 5 tilstades. Vedtaket blei gjort samrøystes:

### **Vedtak:**

**Forsand sokneråd godkjenner forslag til høyringsuttale slik den ligg føre i saksframlegget**

### **Høyringsuttale:**

Forsand sokneråd ønskjer ei kyrkjeordning som tar utgangspunkt i soknet, og at den framtidige organiseringa av kyrkja må byggast med soknet som det handlande, ansvarlege og juridisk sjølvstendige grunnleggande eining. Derfor må den soknet som eige rettssubjekt halda fram og det må leggest til rette for at soknet har handlefridom til å kunna styra si verksemd. Derfor må ansvar og mynde leggest lokalt.

Vidare er me opptekne av at den kyrkjelege strukturen må forenklast, rasjonaliserast og effektiviserast for å betre nytta ressursane. Dette trur me blir best tatt i vare med lokal styring. Ein konsekvens blir då at det må bli ei arbeidsgjevarlinje for alle tilsette og at arbeidsgjevaransvaret må vera lokalt med dei rettar, plikter og ansvar det inneber.

### **Høyringssspørsmåla:**

#### **1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar: Ja

Soknet er grunnen i kyrkja, og strukturen bør byggja opp under, og styrka soknet slik at det kan tilsetja medarbeidarar, ta ansvar for økonomiforvaltning og leggja opp strategien for kyrkjelyden.

Viktig at soknet skal vera grunneininga i Den norske kyrkja med status som sjølvstendig rettssubjekt.

Skal finansieringa framleis ligga til kommunane, er det avgjerande at det er eit organ på kommunenivå som kan samarbeida og vera i dialog med kommunen.

Kommunereforma vil ha konsekvensar for kyrkjeleg inndeling. Blir det større kommunar, bør prostigrensar og soknegrensar justerast samtidig. Det vil nok òg då ha konsekvensar for vurderinga om kva oppgåver som skal ligga på dei ulike nivåa.

Forsand sokneråd sluttar seg til Kyrkjerådet sitt mindretal slik det kjem til uttrykk i pkt B: *«et mindretall i Kirkerådet mener at oppgaver og myndighetsfordeling mellom de ulike nivå bør justeres slik at den lokale kirke styrkes».*

**2: Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Svar: Ja

Me støttar kyrkjerådet i at finansieringa slik den er i dag er den beste for å sikra ei lokal og brei folkekyrkje. Den vil kunna bidra til høg ansvarskjensle og eit høgt engasjement for lokalkyrkja for dei lokale styresmakter.

**3: Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Svar: Livssynsavgift

Me meiner likevel at alt anna enn finansieringsordninga slik den er i dag, ikkje vil kunna gi ei landsdekkjande folkekyrkja

**4: Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Svar: Redusera talet forvaltningsnivå til tre. Etablerer ein større einingar på mellomnivå (justert fellesråd) vil ein mange stader kunne drifta meir effektivt enn i dag. Med meir robuste fellesråd vil ein kunne styrka kompetansen og gjera det mogleg å auka spesialisering og arbeidsdeling, særleg på forvaltningsområda.

**5: Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?**

Soknet bør vera såpass stort at det er grunnlag for ein kyrkjelyd og eit sokneråd. Blir soknet for lite vil det vera vanskeleg å oppretthalda nok tillitsvalde til å eit styrande råd. Det blir og få «å spele på» i forhold til kyrkjelydsarbeid. Størrelsen kan ikkje bare gå på tal. Her spelar avstandar og kommunestruktur ei stor rolle.

**6: Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?**

Svar: Ja

**7: Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Svar: På (justert) fellesrådsnivå. Dette vil mange stader vera samanfallande med eit prosti.

**8: Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

Svar: Når det gjeld oppgåvefordeling mellom sokneråda i prostiet og prostiet sitt fellesråd, ser me det som naturleg å vidareføra fordelinga me har i dag. Me ser det som viktig at dei oppgåvene som ligg til kyrkjeleg fellesråd (i dag på kommunenivå), og dei oppgåvene som blir løyst av prestetenesta innanfor prostiet får felles struktur. Prostiet sitt kyrkjelege fellesråd må bli arbeidsgjevarorgan for all tilsette.

Soknerådet bør ha oppgåvene som ligg i kyrkjelova §9, og bli gitt ein større påverknad når det gjeld strategisk utvikling og kven dei ønskjer å tilsetja i soknet.



**9: Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Svar. Ja

For å få til best mulig leiing av kyrkja lokalt er det svært viktig med ei arbeidsgjevarlinje.

**10: Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Svar: Forsand sokneråd sluttar seg til Kyrkjerådet sitt fleirtal i 1A: «*Et flertall i Kirkerådet mener all virksomhet i soknet bør inkluderes i styring- og ledelsesansvaret for soknets organer. Det bør etableres ordninger for daglig leiing som også inkluderer prestatjenesten*»

Når det gjeld dagleg leiarskap av det lokale kyrkjelydsarbeidet må det i framtida bli organisert utifrå størrelsen på soknet. Det ideelle er at soknet er såpass stort at det kan ha eigen dagleg leiar. Er soknet mindre kan det finnast andre leiarmodellar. Soknepresten bør i utgangspunktet vera frigitt til å driva prestateneste, men me ser at i enkelte små sokn kan det fungera med prest som dagleg leiar.

Dagleg leiar kan ikkje, ut frå habilitetsomsyn, ha fast sete i rådet. Dersom soknepresten vert dagleg leiar, må ordningsreguleringane ta høgde for dette.

**11: Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Forsand sokneråd sluttar seg til Kyrkjerådet sitt midretalssvar i pkt B der det står: «*biskopens tilsynsfunksjon bør utvikles og tydeliggjøres både overfor presten og andre vigslende medarbeidere, men biskopen bør ikkje utøve arbeidsgiverfunksjoner overfor prestene*»

I dag er det òg prestar biskopen ikkje er arbeidsgjevar for, men som ho/han har tilsynsansvar for. Det er ikkje naturleg at prestane skal ha annan arbeidsgjevar enn andre vigsla medarbeidarar. I ei ny kyrkjeordning må arbeidsgjevarfunksjonen leggast så nært arbeidstakar som mogleg.

**12: Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Svar: Biskopen bør få tilsetjing av prestane og andre vigsla stillingar til uttale før tilsetting. Ordninga me har no med at biskopen brukar bispevisitas for å ivareta tilsyn er grei. Biskopen må kunne gi rettleiing og råd til vigsla stillingar. Biskopen må vera den som ordinerer og vigslar til kyrkjeleg teneste. Biskopen må då òg ved avskjed, oppseiing eller suspensjon permanent eller midlertidig kunna tilbakekalla dei fullmakter som er gitt ved ordinasjon/vigsling.

**13: Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Som i dag

**14: Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Svar: Forsand sokneråd sluttar seg til kyrkjerådet sitt mindretal slik det står i pkt B: *...Bispedømmerådet bør ikkje opprettholdes som et demokratisk valgt organ. Rådets nåværende oppgaver bør i stedet ivaretas av andre organer.*

**15: Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Svar: Skal bispedømmerådet likevel oppretthaldast som eit demokratisk valt organ, bør rådet sine oppgåver vera avgrensa til å vera eit rådgjevande organ for biskopen, leia strategisk arbeid i bispedømmet, ta hand om nokre faglege støttefunksjonar, og tilsetta medarbeidarar som ikkje har soknet som arbeidsgjevar.



**16: Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Svar: Alle som har soknet som arbeidsstad må ha soknet som arbeidsgjevar.

Dette gjer alle tilsette pliktar å arbeida i samsvar med verksemda sitt planverk og lokale vedtekne mål. Dette arbeidsgjevarorganet må representera soknet, og me ser at (justert) fellesråd er best eigna til dette. Då sikrar ein nærleik til dei tilsette, og det er geografisk samsvar mellom dei som gjer dei økonomiske ramene (kommunen), og rådsorganet

**17: I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

Svar: Alle arbeidsgjevarfunksjonar for dei som arbeidar i soknet bør ligga på justert fellesrådsnivå. Evt. kan fellerådet delegera enkelte arbeidsgjevarfunksjonar til soknerådet, slik det er rom for nå. Det viktige er at arbeidsgjevarfunksjonen blir forankra i soknet som rettssubjekt, og at arbeidstakar og arbeidsgjevar er rimeleg nær

**18: I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Svar: ikkje i det heile

**19: Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslede tjenester?**

Svar: Pestetenesta og dei andre vigsle stillingane har sitt sjølvstende i ordinasjon/vigsling, og oppgåveutføringa blir ikkje påverka av arbeidsgjevarspørsmålet

**20: Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?**

Svar: Kyrkjemøtet er det sentrale rettssubjekt sitt øvste (representative) organ. Kyrkjemøtet skal som i dag vedta retningslinjer som gjeld heile kyrkja. I tillegg bør Kyrkjemøtet vere organet som arbeider i forhold til Staten når det gjeld økonomi.

**21: Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?**

Svar: Samansetjinga må endrast. Det må etablerast med direkte val av medlemmar til Kyrkjerådet.

**22: Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?**

Svar: Bispemøtet bør førebu lære- og liturgisaker til kyrkjemøtet

**23: Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?**

Svar: FS sluttar seg pkt 2 i Kyrkjerådet si vurdering: «For å ivarteta biskopenes selvstendige rolle, bør Bispemøtets preses gis rolla å ivareta arbeidsgiverfunksjoner for de øvrige biskopene». For preses bør Kyrkjerådet ha arbeidsgjevarfunksjonen. Biskopane sin teologiske fridom må tryggast.

**24: Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?**

Svar: Kyrkjerådet må ha ei samansetjing som gjer at det har kompetanse i forhold til oppgåvene og det ansvaret dei har.

Alle bispedømmene og preses må vera representert.

**25: Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?**

Svar: Ja. Som i dag

**26: Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Som i dag.

**27: Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Som i dag.

Med helsing



Siv Fossan  
kyrkjeverge

